

# Nermo

Av Knut Raastad, 2017



Nermo ligg i Nordherad nedanfor Mo. Ragnvald Gjelbakken kjøpte jord frå Mo i 1945 og bygde opp eit nytt bruk. Nermo har gnr. 76 bnr. 5.

Ragnvald Gjelbakken 1906-1979 var son til Amund Gjelbakken og Ragnhild Storviksranden. Han vart 1942 gift med Anna Berge oppigard 1903-1988. Ragnvald og Anna har 3 barn:

Ragnhild f.1942

Ivar f.1943

Asbjørn f.1947, neste brukar

Asbjørn Gjelbakken f.1947 overtok etter faren i 1973. Asbjørn overtok oppigard Berge og familien bur der. Asbjørn vart 1968 g.m. Ymbjørg Ulsand f.1948, dei har 5 barn:

Anne Mette f.1969

Ruth Irene f.1979

Kari f.1972

Per f.1974, neste brukar

Arne f.1976

Per Gjelbakken f.1974 overtok Berge og Nermo i 2016. Frå 1990-talet til 2010 budde han på Nermo.

Kjelder:

Norske Gardsbruk 1953-1997

1881.no